

Forskrift om folkevalde sin rett til godtgjersle og velferdsgode, Aurland kommune

Kap 1. Generelle vilkår

§ 1.Føremål

Den som har eit kommunal tillitsverv har krav på godtgjering for sitt arbeid etter kommunelova § 8-4. Folkevalde har i tillegg etter kommunelova § 8-3 rett til dekning av utgifter og økonomisk tap som følgje av vervet, etter reglar fastsett av kommunestyret.

Folkevalde si godtgjersle gjev ikkje rett til feriepengar.

Kap 2. Folkevalde sin rett til godtgjersle

§ 2.Ordførar

Ordføraren får godtgjersle som til ei kvar tid svarar til 90 % av stortingsrepresentantane si godtgjersle for 100 % stilling. Godtgjersla omfattar alle kommunale verv som ordføraren har. Kommunestyret kan etter søknad i periodar redusere omfanget av vervet.

Kommunestyret har vedteke at ordførar skal ha pensjonsordning. Rett til sjukepengar, yrkesskade og permisjonar følgjer av kommunelova § 8-8–§ 8-10

Ved sjukdom har kommunen ansvaret for å utbetale full godtgjering i arbeidsgjevarperioden frå 1. til 16. sjukedag.(0)

Kommunen har ansvar for at ordførar med krav på sjukepengar og som har ein godtgjersle som overstig det ordføraren har krav på å få utbetalt i sjukepengar frå NAV (6G), får dekkja forskjellen mellom sjukepengar etter folketrygdlova § 8-38 og det ordføraren ville fått utbetalt i godtgjersle for same periode.

Ordføraren må sjølv søkje om sjukepengar direkte frå NAV frå og med 17. dag (etter arbeidsgjevarperioden frå 1. til 16. dag) i henhold til folketrygdlova § 8-38.

Avtroppande ordførar kan få inntil 3 månadar ettergodtgjersle når vedkomande ikkje kan gå tilbake til løna arbeid, etter grunngjeven søknad til formannskapet. Retten til ettergodtgjersle skal avkortast krone for krone mot anna inntekt. Det same gjelder for ordinær inntekt som ordførar frivillig avstår frå jf. kommunelova § 8-6. Pensjonsinntekter etter folketrygdlova kapittel 19 og kapittel 20 skal ikkje bli sett på som inntekt i vurdering av etterløn. I etterlønperioden vil det vere naturleg at kommunen kan nytte avtroppande ordførar til erfaringsoverføring for nyvald leiing.

0 Endra ved forskrift 16 des 2021 nr. 3762.

§ 3.Varaordførar

Varaordføraren får fastgodtgjersle på 10 % av ordførargodtgjersla. Godtgjersla omfattar alle kommunale verv som varaordføraren har.

Dersom varaordføraren trer inn i ordføraren sin funksjon på full tid, til dømes ved sjukdom eller liknande får han/ho godtgjersle som ordførar. Dette gjeld ikkje ved ordførar sitt ordinære fråvær.

Kap. 3. Satsar for godtgjersle, reduksjon mv.

§ 4. Faste godtgjersler

Faste godtgjersle er meint å vere kompensasjon for meirarbeid med politisk arbeid, deltaking og førebuing til møter.

Folkevalde med fast godtgjersle kan få møtegodtgjersle per møte når vedkommande er valt av kommunestyret til å vere medlem i andre utval, styre, samarbeidsutval, eldreråd m.m.

a. *Kommunestyret*

Medlemmar i kommunestyre får ei fast årleg godtgjersle på 2% av ordførargodtgjersla

b. *Formannskap*

Formannskapet sine medlemmar får ei fast årleg godtgjersle på 4,5 % av ordførargodtgjersla

c. *Utval for omsorg, oppvekst og kultur, Plan- og eigedomsutvalet og Kontrollutvalet (0)*

Leiaren i Utval for omsorg, oppvekst og kultur, Plan- og eigedomsutvalet og kontrollutvalet får ei fast godtgjersle tilsvarande 2,5% av ordførargodtgjersla i året. Medlemmane får ei fast godtgjersle tilsvarande 2% av ordførargodtgjersla i året.

d. *Administrasjonsutvalet*

Leiaren i dette utvalet får ei fast godtgjersle tilsvarande 0,5% av ordførargodtgjersla i tillegg til møtegodtgjersla per møte. Dette gjeld ikkje når ordførar eller varaordførar leiar administrasjonsutvalet. Tilsette sine representantar i administrasjonsutvalet får same godtgjersla som folkevalde medlemmar.

I tilfelle der det ikkje er personfellesskap mellom administrasjonsutvalet og formannskapet, får den som ikkje er formannskapsmedlem møtegodtgjersle tilsvarande 0,1% av ordførargodtgjersla pr møte.

e. *Hamnestyret*

Styreleiar i hamnestyret får ei fast godtgjersle tilsvarande 2,5% av ordførargodtgjersla i året. Medlemmar får ei fast godtgjersle tilsvarande 1,5% av ordførargodtgjersla i året.

0 Endra ved forskrifter [16 des 2021 nr. 3762](#), [9 feb 2023 nr. 239](#) (i kraft 24 feb 2023).

§ 5. Møtegodtgjersle per møte

a. For møtande varamedlemmar til kommunestyre, formannskap, Utval for omsorg, oppvekst og kultur, plan- og eigedomsutval, administrasjonsutvalet og kontrollutvalet er møtegodtgjersla 0,1% av ordførargodtgjersla

b. For møteleiarar i andre kommunale nemnder, utval, råd og styre valde av kommunestyre eller formannskapet er møtegodtgjersla 0,08% av ordførargodtgjersla

c. Andre møtande medlemmar og varamedlemmar av kommunale nemnder, utval, råd og styre valde av kommunestyret eller formannskap er møtegodtgjersla 0,05% av ordførargodtgjersla. Dette gjeld også for kommunalt valde representantar i andre styre og nemnder, der det ikkje vert betalt eiga godtgjersle.

d. Tilsette som deltek i møte som ein del av stillinga får ikkje møtegodtgjersle.

0 Endra ved forskrift [9 feb 2023 nr. 239](#) (i kraft 24 feb 2023).

§ 6. Allmenne reglar

Ved påfølgjande møter vert det berre betalt ei møtegodtgjersle. Dersom det er ulik møtegodtgjersle vert høgaste samla møtegodtgjersle utbetalt.

Varamedlemmar som deltek i handsaming av einskildsaker får utbetalt halv møtegodtgjersle.

Ved fjernmøte blir det utbetalt halv møtegodtgjersle.

Folkevalde som får fast årleg godtgjersle vil få reduksjon dersom fråværet er meir enn 25 %, forholdsmessig etter deltaking på møte med innkalling. Reduksjon i fast godtgjersle på grunn av fråvær blir vurdert halvårleg.

Den faste godtgjersle vert utbetalt to gongar i året.

Varamedlemmer som møter på 75% eller meir av møta skal ha godtgjersle som faste medlemmer.

Kap. 4. Erstatning for tap av inntekt og dekning av utgifter

§ 7. Tapt arbeidsforteneste

Dekning av tapt arbeidsforteneste utbetalast etter søknad.

Vederlag for tap av arbeidsinntekt dekker møtetid og naudsynt reisetid. Vederlaget skal dekke lønn og feriepengar.

Tap av inntekt blir utbetalt som dokumentert tap, med krav om skriftleg dokumentasjon, eller som ikkje-dokumentert tap, med krav til grunngjeving som sannsynleggjer eit reelt tap.

Timesatsen vert utrekna ved å dividere årsinntekta på 1950 (tal timar).

Folkevalde som har arbeidstida si regulert etter skift- eller turnusplanar, eller på annan måte ikkje har fast arbeidstid og som følgje av dette har fri utanom helg, får erstatta møtetida på fritida økonomisk etter reglane i bokstav a og b.

a. Om dokumentert tap av inntekt

Folkevalde har rett til vederlag for dokumentert inntektstap. Krav etter denne føresegna må dokumenterast skriftleg med stadfesting av arbeidsgjevar.

Tilsette som vert trekt i løn frå sin arbeidsgjevar skal dokumentere inntektstap med kopi av lønsslipp eller tilsvarande.

Dersom den tilsette beheld løn hjå arbeidsgjevar har arbeidsgjevar/eining rett til å krevje refusjon. Refusjon kan inkludere feriepengar og andre sosiale kostnader.

Sjølvtendig næringsdrivande får dekkja dokumentert tap i inntekt. Tapet kan dokumenterast med likningsattest. Inntektstap vert utrekna etter netto årsinntekt (netto næringsinntekt) dividert på 240 dagar.

b. Om ikkje-dokumentert tap av inntekt

Folkevalde utan fast inntekt har rett på vederlag for ikkje-dokumentert tap av arbeidsinntekt som følgje av ombodet avgrensa til 0,013% av ordførargodtgjersla pr. dag.

§ 8. Utgiftsdekning

a. Barnepass/omsorgsansvar

Folkevalde med omsorgsansvar får etter rekning dekkja dokumenterte utgifter til naudsynt tilsyn. Det er ein føresetnad at omsorgsansvaret elles ville ha hindra/gjort det vanskeleg for den folkevalde å delta på møte.

b. Utgifter til vikar

Folkevalde som er sjølvstendig næringsdrivande har rett på vederlag for utgifter til vikar med 0,013% av ordførargodtgjersla pr. dag. Dersom tapet er større enn dette, kan det på grunnlag av skriftleg dokumentasjon utbetalast vederlag med inntil 0,45% av ordførargodtgjersla. Tapet skal dokumenterast med attest over kostnadene med vikar.

c. Skyss, kost og overnatting

Den som er folkevald, har krav på skyss-, kost- og overnattings godtgjering for reiser i samband med vervet. Ved deltaking på kurs, seminar, konferansar, temaseminar, dialogmøte og folkemøte mv. som vert arrangerte av andre enn fylkeskommunen vert det ikkje betalt møtegodtgjersle, men det vert gitt vederlag for tapt inntekt og skyss-, kost- og opphaldsgodtgjersle.

Deltaking på kurs, seminar, konferansar, temaseminar, dialogmøte og folkemøte mv. skal vera avtala og godkjent av ordførar i forkant.

Rutegående, offentlege transportmiddel skal nyttast i størst mogleg utstrekning.

Skyssutgifter dekkast etter rimelegaste reisemåte og felles transport/samkøyring.

Når det er nødvendig å nytte eigen bil, dekkast skyssutgifter i samsvar med statens reiseregulativ når reisa er på minimum 10 km (tur/retur).

d. Telefon – ordførar

Ordførar får dekkast telefon med ei tilsvarande ordning for kommunalt tilsette med tenestetelefon.

Kap. 5. Justering, tolking og ikraftsetjing

§ 9. Tolkingar, tvilsspørsmål

Ordførar/formannskapet skal handsame tolkingsspørsmål/tvilstilfelle i samband med reglane om godtgjersle og tapt arbeidsforteneste for folkevalde

§ 10. Justering av satsane

Grunnlaget for godtgjersle til dei folkevalde skal fylgje godtgjersle til stortingsrepresentantane. Denne blir vurdert av Stortinget sin lønnskommisjon 1. mai kvart år. Ved endringar i godtgjersla til stortingsrepresentantane, blir godtgjersla til folkevalde i Aurland endra frå same tid.

Grunnlaget for møtegodtgjersle og kompensasjon for tapt arbeidsinntekt skal regulerast automatisk 1. juli kvart år og i samsvar med regulering av godtgjersla til ordførar.

§ 11. Revidering av forskrifta

Forskrifta skal reviderast i starten av kvar kommunestyreperiode.

§ 12. Ikraftsetjing

Forskrifta trer i kraft ved kunngjering i Norsk Lovtidend.